



Bykle kommune

Planprogram

Trafikksikringsplan 2027-2031

Høringsutkast mai 2026



1. Innleiing

1.1 Kva er eit planprogram?

Eit planprogram er ei oversikt som forklarar kva kommunen skal planleggje, kvifor planen blir laga, og korleis arbeidet skal gå føre seg.

Planprogrammet seier mellom anna:

- kva planen handlar om
- kva kommunen ønskjer å oppnå
- kven som er involverte i arbeidet
- når og korleis innbyggjarar og andre kan kome med innspel

Hensikta med planprogrammet er å sikre at planarbeidet blir open, ryddig og forståeleg. Før kommunen lagar sjølve planen, får innbyggjarane høve til å seie meininga si om kva som er viktig å ta omsyn til.

Planprogrammet blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Det betyr at alle som ønskjer det, kan sende inn innspel og forslag. Desse innspela blir vurderte før kommunen går vidare med planarbeidet.

Når planprogrammet er vedteke, fungerer det som ein **arbeidsplan** for kommunen i det vidare arbeidet.

2. Planprogram

2.1 Bakgrunn

Det følgjer av folkehelselova og plan- og bygningslova at kommunen har eit ansvar for å førebyggje skadar og ulykker lokalt. Trafikktryggingarbeid handlar om å redusere risikoen for skadar og ulykker blant alle trafikantgrupper i alle aldrar, auke trafikktryggleiken og bidra til å nå nasjonale mål. Kommunen har særleg ansvar for kommunalt vegnett og trafikktryggleiken langs desse vegane. Trafikktryggleik handlar om å kunne bevege seg trygt på vegane og i nærmiljøet, anten ein er fotgjengar, syklist eller bilist. Planen dannar grunnlaget for fysiske tiltak, opplæring og haldningsskapande arbeid.

2.2 Føremål og målsetting

Bykle kommune skal ha ein oppdatert trafikksekringsplan som grunnlag for å evaluere gjennomførte trafikktryggleikstiltak, identifisere risikoområde og prioritere nye tiltak.

Planen skal leggje til rette for eit systematisk arbeid med trafikktryggleik i Bykle kommune. Barn og unge er ei særleg prioritert målgruppe i trafikksekringsarbeidet.



Nullvisjonen ligg til grunn for arbeidet:

Ingen skal bli drept eller hardt skadde i trafikken.

Gjennom planen skal kommunen:

- identifisere og prioritere tiltak som reduserer ulykkesrisiko
- samordne trafikksikringsarbeidet på tvers av kommunale sektorar
- leggje grunnlag for årlege budsjett- og økonomiplanvedtak

2.2 Platype og rettsverknad

Ved revidering av Trafikksikringsplanen blir den utarbeidd som ein tematisk kommunedelplan etter plan- og bygningslova § 11-1.

Planprosessen følgjer lovkrava til:

- varsel om planoppstart
- høyring og offentleg ettersyn
- politisk handsaming og vedtak

Planen har ikkje direkte rettsverknad for private, men gir føringar for kommunale prioriteringar. Tiltak som krev økonomiske løyvingar, blir følgt opp gjennom årlege budsjettvedtak og økonomiplanen. Det kan òg vere aktuelt å søkje ekstern finansiering.

3. Sentrale føringar

3.1 Nasjonale føringar

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2022–2025 legg nullvisjonen til grunn:
«0 drepne og hardt skadde – på veg mot nullvisjonen»

3.2 Regionale føringar

Regional plan for mobilitet i Agder 2023–2033 har slagordet:
«Saman gjer vi reisa enkel, trygg og grøn»

Planen legg vekt på:

- trygg ferdsel for både personar og gods
- reduksjon av ulykker og samfunnskostnader
- at barn og unge skal kunne ferdest trygt til skule og fritidsaktivitetar
- systematisk vedlikehald av eksisterande infrastruktur

Nullvisjonen er førande for alt trafikksikringsarbeid i regionen.



3.3 Kommunale føringar

I samfunnsdelen av kommuneplanen for Bykle kommune heiter det, om Hovden:

«I samarbeid med Statens vegvesen leggje om riksveg 9 og utvikle eit gå-venleg sentrum.»

Sjølv om det er politisk vedteke at riksveg 9 ikkje blir lagt utanom sentrum, er det framleis eit mål å utvikle eit meir gå-venleg og trafikksikkert sentrumsområde.

4. Gjennomføring av planarbeidet

4.1 Organisering

Bykle kommune er planansvarleg.

Styringsgruppe: Planutvalet

Administrativ arbeidsgruppe:

- samfunnsavdelinga
- barn og unges representant
- regionale og statlege aktørar

Følgjande instansar vil bli inviterte til deltaking:

- Agder fylkeskommune
- Statens vegvesen
- Politiet
- Trygg Trafikk

4.2 Planprosess

Planarbeidet skal resultere i ein vedteken

Trafikksikringsplan for Bykle kommune 2027–2031

Utarbeiding av planen, inkludert tiltaksdelen, vil bli ein dynamisk prosess der innhald og retning vert forma gjennom kontinuerleg tilpassing og medverknad. Tiltak i gjeldande plan som ikkje er gjennomførte, blir vurdert på nytt.

Hovudsteg i prosessen:

1. Varsel om planoppstart og høyring av planprogram
Framlegg til planprogram blir kunngjort i avis og på kommunen si nettside, samt at det blir sendt på høyring og offentleg ettersyn.
2. Fastsetjing av planprogram
Innkomne merknader blir gjennomgått før planprogrammet blir vedteke av kommunestyret.
3. Utarbeiding av planforslag
Planforslag blir lagt fram til drøfting, med arbeidsgruppe, ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne før handsaming i planutvalet. Det blir sendt på høyring og offentleg ettersyn.
4. Offentleg ettersyn og høyring av planforslag
Innkomne merknader og innspel vert vurdert og tatt inn i planen etter drøfting i arbeidsgruppa.
5. Endeleg politisk vedtak av planen
Revidert planforslag blir lagt fram til politisk vedtak i kommunestyret.

4.3 Medverknad

Plan- og bygningslova stiller krav om brei medverknad i planarbeidet.

Det vil bli lagt til rette for innspel frå:

- innbyggjarar
- ungdomsrådet
- eldrerådet
- råd for personar med nedsett funksjonsevne
- lag og organisasjonar
- skule og barnehage
- transportnæring
- bygg og anlegg
- landbruksnæring
- viltutval (med tanke på viltpåkøyrslar)
- lokalt næringsliv

Det blir invitert til innspelsmøte. Innkomne innspel blir vurdert opp mot prioriteringar, finansiering og gjennomførbarheit. Statens vegvesen vil vere sentral i vurderingar som gjeld riksveg 9 og tilknytte kryss.

5. Framdriftsplan

Aktivitet	Kven	Når
Vedtak om planoppstart og utsending av planprogram på høyring	Planutvalet	Juni 2026
Høyring og offentleg ettersyn av planprogram	–	Juni–august 2026
Fastsetjing av planprogram	Kommunestyret	September 2026
Førstegongs handsaming av planforslag	Planutvalet	januar 2027
Offentleg ettersyn og høyring av planforslag (min. 6 veker)	–	Mai 2027
Endeleg vedtak av trafikksikringsplan	Kommunestyret	September 2027